

Vil refse og rose folkemusikkmiljøet

(NPK–Inger Robøle Kristiansen): Han skjelv ikkje framfor oppgåva, den nye leiaren av Spelemannsbladet, Knut Aastad Bråten. Entusiastisk og djerv, blid og utovervendt tek han fatt, og har klare meiningar om korleis han meiner bladet bør vera, og kva folkemusikkmiljøet må bli betre på.

– Spelemannsbladet er det einaste bladet for norsk folkemusikk, og vi må vera bevisste på det. Vi skal spegle miljøet, men må også utfordre det ved å vera kritiske. Elles gjer vi folkemusikken ei bjørneteneste. Vi må også våge å vera politiske. Men dette går eg til med stor vellyst, seier etnologen, dansaren og langeleikspelaren frå Ranheimsbygda i Nord-Aurdal.

Vil få opp temperaturen

– Målet mitt med Spelemannsbladet er å få opp temperaturen – at alle sterke personar i miljøet skal setja på trykk det dei meiner. Vi kan ikkje forme framtidens folkemusikk utan å diskutere. Eg ønskjer også å få folk utanfor som meiner noko om folkemusikken, til å skrive. Kva meiner til dømes kulturjournalistar i aviser og andre medium? Og kva meiner statsrådar og andre politikarar?

For rikspressa skriv ikkje om folkemusikk. Ida Lou Larsen tok folkemusikksjangeren på alvor då ho jobba i Nationen. Elles spring journalistane i rikspressa etter kjendisar som Kåre Conradi og andre, og lagar innhaldsmessig prikk like reportasjar. Ingen tør å vera originale. Men når media er så urbane og kjendisvinkla, går dei glipp av mange godbitar. Den amerikanske linedansen er den nye store farsotta i Noreg, men det les vi aldri om.

– Men det nyttar ikkje for folkemusikkmiljøet å framstå som eit evig sutre- og hylekor. Ein må rett og slett bli meir oppfinnsam for å trekkje til seg merksemd. Slik sett har festivalane sjølve eit ansvar, seier Aastad Bråten, som profilerte Landskappleiken på

Beitostølen i fjor med å svinge snertne og dansegilde Katrine Moholt i springartakt på dansegolv i møte med media.

– Det er sjølvsagt musikken og dansen som er det viktigaste, og det må ein ikkje gå på akkord med. Elles er det ingenting å tape på å spela på lag med media, for vi har mykje å vise fram, seier Aastad Bråten.

– Småleg av Giske

– Og ettersom mest ingen andre skriv om folkemusikk, må Spelemannsbladet våge å vera politiske, meiner den nye redaktøren. I det første nummeret han hadde redaktøransvar for, intervjuar han kulturminister Trond Giske og konfronterte statsråden med kvifor han sette ein strek over dei såkalla LOK-midlane på 6 millionar kroner til lokale konserttiltak. Giske svara blant anna at det er betre at kommunane sjølve fordeler kronene til kulturtiltak, enn at Norsk kulturråd skal vurdere søknader om støtte.

– Men statsråden hadde altså fått titusenviis av underskrifter frå folk som meiner noko anna. Eg synest at det var småleg å ta vekk denne posten, som vart fordelt til oppimot 700 prosjekt i året. Det var små, men viktige summar for dei det galdt. Kulturrådet har ein fagleg standard for vurderinga. Det er ikkje sikkert at det blir det same når kommunane skal fordele. Dei fleste eg har snakka med kring i kommunane, seier at dei ikkje har rom for å dekkje opp dette, seier Aastad Bråten, som også er oppteken av Mangfaldsåret 2008.

Urbant mangfald

– Det er viktig å få klargjort at norsk folkemusikk, folkedans, og andre smale sjangrar høyrer med i Mangfaldsåret. Det har ikkje kome særleg fram hittil. Også dette har vorte ei urban greie, der ein trekkjer fram nokre element, og gløymer den norske folkekulturen. Her må folkemusikkmiljøet sjølv ta grep, og inkludere seg inn, seier Aastad Bråten, som sjølv er kreativ og veit å

trykkje på dei rette knappane. 17. mai kunne NRK fjernsynet vise langeleikspelaren Aastad Bråten i aksjon på Slottsplassen.

– Ja, folkemusikken må ha sin naturleg plass 17. mai, men også andre dagar. Han er ikkje ein nasjonal relikvie som berre skal presenterast ved høgtidelege høve. Langeleikspelinga på Slottsplassen kom i stand etter ein artikkel om Spelemannsbladet i Aftenposten. Ein må tore å vera litt original, men alltid stå inne for det ein gjer. For det blomstrar i folkemusikkmiljøet i dag, og det er mykje bra å vise fram. Festivalane er spekka av flinke, unge folk. Det er eit fint barometer på folkemusikken i dag. Men nettopp fordi vi har fått så mange profesjonelle og flinke unge, er det viktig å hugse på å ta vare på dei tradisjonane ein veks opp i og representerer. For det er ein shoppementalitet ute og går i dag, meiner Aastad Bråten.

Shoppementalitet

– Musikalsk shopping er greitt nok, men eg håpar at vi i jaget etter glitter og glamour tek med oss vidare det vi har frå dei levande kjeldene – det vi får frå direkte møte mellom elev og læremeister. Og vi må vera rause mot dei eldre tradisjonsberarane. Det skal vera scener som gjev plass til alle.

Og i virvaret av det positive ved profesjonalisering, spesialisering og mengder av plateutgjevingar er det viktig å stille seg kritisk. For ikkje alt det nye er like bra. Det må vi våge å seia. Eg vil på ingen måte vera eit omgrepspoliti i Spelemannsbladet. Det er det same for meg om det som blir gjeve ut, er genuint eller sjangerovergripande. Men folkemusikk har vorte eit honnørord som mange gjer hevd på. Noko er folkemusikk, andre ting er folkemusikkinspirert, og det finst mange gråsoner. Vi bør ha ein overbygning for kva som er folkemusikk, på lik linje med andre store musikkjangrar, meiner Aastad Bråten.

– Overdemokratisk organisering

– I det første nummeret etter at Aastad Bråten tok over som redaktør, gjekk han på leiarplass inn for å slå saman dei to folkemusikkorganisasjonane Landslaget For Spelemenn (LFS) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD), med høvesvis 5500 og 250 medlemmer.

– Har du fått reaksjonar på det?

– Ja, og berre positive. Mange seier at dette har dei lenge meint. Vi brukar altfor mykje ressursar på å ha to organisasjonar. Eg oppfattar det som overdemokratisk. Ideologisk er det ingen skilnad lenger. Og om ein ser på miljøet frå sidelinja, vil ein nok sjå at det er lite som skil dei. Det blir hevda at det er lettare å få til ein debatt om folkemusikken med to organisasjonar, men debatt kan ein få til med ein organisasjon også. Alt i alt handlar det om å gjera miljøet synleg og tydeleg, noko ein slagkraftig organisasjon vil klare betre enn to, meiner Aastad Bråten. (©NPK)

– Ein må tore å spela på lag med media, men stå inne for det ein gjer, seier Knut Aastad Bråten, som meiner at folkemusikkmiljøet må ta medansvar for å koma fram i rikspressa.

– Ettersom Spelemannsbladet er mest åleine om å skrive om folkemusikk, må vi våge å vera politiske, meiner den nye redaktøren, Knut Aastad Bråten.

– Spelemannsbladet er det einaste bladet for norsk folkemusikk, og må vera bevisst på det. Vi skal spegle miljøet, men må også utfordre det ved å vera kritiske, seier redaktør Knut Aastad Bråten.

Knut Aastad Bråten går til redaktørjobben i Spelemannsbladet med stor entusiasme.

Inger Robøle Kristiansen